

Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap



Ytste Skotet, 25. august 2017



Stiftinga
Sunnmøre
Museum



Høgskulen
på Vestlandet

Deltakarliste på nettverkssamling på Ytste Skotet 2017

	Namn	Institusjon
1	Arne Vassenden	Havrå
2	Cecilie Røstad	Sunnmøre Museum
3	Dordi Kjersti Mogstad	Miljødirektoriatet
4	Kirsi Rätty	Sunnmøre Museum
5	Leif Hauge	Høgskulen på Vestlandet
6	Magne Vikne	Havrå
7	Magnhild Vatne	Sunnmøre Museum
8	Maja Frønes	Stiftelsen Nordmøre Museum, Svinviks arboret
9	Marianne Nystad	Stiftelsen Nordmøre Museum, Tingvoll
10	Marie Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane
11	Roy Dyrkolbotn	Havrå
12	Tone Ravnås	Jærmuseet
13	Tove Mostrøm	Havrå

Fleire av deltakarane kom til Skotet alt på torsdagskvelden og fekk ein fin kveld på høgdegarden og kunne nytte morgontimane til å sjå seg rundt på tunet på eigenhand. Resten av gjengen kom fredagen. Vêret var flott og vi tok samlinga ute.

Velkomst og informasjon

Marie (koordinator for nettverket) og Kirsi (leiar på Ytste Skotet) ynskte alle velkomne til høgdegarden Ytste Skotet. Før vi byrja på sjølve dagsopplegget vart det ein kort presentasjonsrunde.

Kirsi delte ut informasjonsark om høgdegarden.

Magnhild fortalde om stiftinga Sunnmøre Museum, ei samling av 12 museum, som på ulike måtar tek vare på det som er særprega for Sunnmøre. Musea er svært varierte og saman formidlar dei om natur, liv og arbeid dei siste 10 000 åra. Tre av musea jobbar med kulturlandskap:

Herøy gard – har utarbeidd ein skjøtselsplan for garden. Dei driv med slått, veitar nye

område og har naturbeite. Museet har sauer heile året.

Brudavolltunet – er ein autentisk gard i Ørsta. Her er det ikkje utarbeidd nokon skjøtselsplan. Dei gamle slåttemarkene vert i dag beita. Museet har planar om å setja i stand den gamle hagen som vart opparbeidd på 1830-talet. Det var ein spesiell hage som likna meir på ein embetshage enn ein hage på eit lite bruk. Dei har utarbeidd ein eigen «planteplan». Herbaria som ein tidlegare eigar, Nils Brudevoll, og Ivar Aasen samla inn frå garden i si tid har vore viktig i dette arbeidet.

Ytste Skotet – er det mest autentiske bruket i samlingane, og som vi skulle lære meir om denne dagen.

Ytste Skotet

På Skotet finst tre bruk – Ytste Skotet, Me Skotet og Inste Skotet – og busetjinga strekkjer seg mest truleg tusen år attende i tida. Stadnamnet står nemnt i Snorre sine kongesagaer der det heiter at Olav den heilage segla forbi i 1028. Dei fyrste skriftlege kjeldene

er elles kyrkjebøkene som viser at det budde folk her på 1600-talet. Ytste Skotet vart fråflytta i 1954.



Figur 1: Den motoriserte taubana vart bygd på 1940-talet og er framleis i bruk.

I 1989 donerte eigarane heile garden til stiftinga Storfjordens Venner som arbeider for å ta vare på kulturminne og levande tradisjonar i området. Dei er engasjerte i fleire enn 50 fråflytta gardar kring Storfjorden. Ytste Skotet hadde ikkje vore i bruk på 30 år og mykje av bygningsmassen var forfallen og kravde stor restaureringsinnsats.

I 1992-93 vart den fyrste medarbeidaren tilsett. Etter ynskje frå dei tidlegare eigarane var det viktig at barn og unge fekk koma hit og læra om livet på garden. Formidlingsarbeid vart prioritert i denne perioden.

2004 vart Ytste Skotet ein del av Sunnmøre Museum. Det er Storfjordens Venner som eig garden, men det er Sunnmøre Museum som driftar den. Fordelen med denne ordninga er at det vert gjeve meir ressursar til vedlikehald enn kva eit museum åleine har høve til. Storfjordens Venner medverkar økonomisk så vel som med mange dugnadstimer for å halda garden i stand. Sunnmøre Museum har lønsmidlar til 1 fast stilling året rundt og 5-6 månadsverk til ekstrahjelp for å drifta garden. Den faste stillinga er i dag delt på to personar. Det gjev betre arbeidsvilkår samstundes som det, ut ifrå eit HMS-perspektiv, er uforsvarleg med berre ein person åleine på garden.

Ytste Skotet har stort potensial, men det urealistisk å kunna drifta heile garden. Den

tilsette skal ha både formidling (ca. 3000 gjester i sesongen) og stelle kulturlandskapet. Det er ønskje om å tilsetje ein museums-bonde.

I dag er det helst innmarka som vert slått, men i gamle dagar var utmarksslåtten minst like viktig. I utmarka står det fem utløer som understrekar dette. På innmarka dyrka ein tidlegare korn og poteter. Kornåkeren her var faktisk den største på gardane kring Storfjorden. På innmarka er det også ein inngjerda frukthage der ein m.a. har planta nye plommetre. På ein gard høyrer også dyr til. På Ytste Skotet finn vi geiter, sauer, høner og katter.



Figur 2:
Ovan: Nedanfor tunet ligg ei flat hylle der ein tidlegare dyrka korn og poteter. I dag vert innmarka slått.
Nedan: På veg til Me-Skotet gjekk vi forbi elva med kvern etc.

Me-Skotet

På nabobruket Me-Skotet tok Idar Skotte imot oss og fortalde om livet på garden i tidlegare tider. Det var oldefaren til Idar som flytta hit i si tid, og garden har sidan vore i familien. Idar er altså oppvaksen på garden og kjem framleis over fjorden for å stella området. Han er ein

verdifull kulturberar for å vidareføre tradisjonar på høgdegardane.

På veg til Me-Skotet gjekk vi forbi nokre tufter som ingen veit kor gamle er. Me-Skotet var den garden som vart fråflytta sist. Idar dreiv alle dei tre bruka fram til den 2. november 1981 då han og familien flytta over fjorden til Dyrkorn. Idar fekk då jobb på fabrikk, men dreiv garden på si. Dei tre fyrste åra hadde han til og med nokre sauer.



Figur 3: Idar Skotte, viktig kulturberar på Me-Skotet som fortalde om livet her oppe.

Idar minnest livet her oppe som strevsamt, og han fekk tidleg lære seg å arbeide. Då Idar var 9 år fekk faren hans hjernebløding, og mykje arbeidsbyrda vart då lagd på gutungen. Bestefaren var framleis i live, men krokrygga og lite arbeidsfør. Med instruksar frå bestefaren gjorde dei to så godt dei no kunne. Faren kom attende og tok over hovudarbeidet med garden, men var sjukleg livet ut.

Vinteren på Skotet kunne vera hard, spesielt når det var mykje snø. Den verste vinteren Idar minnest er den i 1968. Då var det så

mykje snø at dei ikkje kom seg ned til fjorden. Dei var nøydde til å spa seg veg gjennom snøen ned til kaia, noko som tok 1 ½ veke. Då Idar til slutt kom så langt at han kunne henta posten låg der 19 lokalaviser, dei hadde med andre ord vore vêrfaste og isolerte frå omverda i tre veker. Dei hadde mat, men gjekk tom for gjær og måtte lage potetkaker i staden for brød.

I skuletida måtte Idar dra over fjorden til Dyrkorn. Dei fyrste skuleåra var det skule annakvar veke. I alt budde Idar på sju ulike stader i Dyrkorn. Dei to siste åra skula dei annakvar dag og då kunne Idar berre dra heim i helgane.

Det var den vesle familien på tre som dreiv garden. Det var ikkje nokre drenger eller tenestejenter i Idar si tid.

Generelt var det fleire folk i grenda i krigsåra 1940-45. Til saman på dei tre gardane var det då nærmare 30 personar. Det var mange utflyttarar som kom attende for ein periode.

Inste og Ytste Skotet vart fråflytta det same året, 1954. Idar tok over drifta på Inste Skotet dette året, men på Ytste Skotet fyrst i 1966. Frå då dreiv han alle dei tre bruka i grenda. Han fekk då meir slåttemark på innmark. I størst mogleg grad prøvde han å bakketørka graset, elles var det trohesjar dei brukte. Dei sto ute i heile året. Hesjar med ståltråd vart tekne i bruk relativt seint.



Figur 4: Me-Skotet

Den stova som står på tunet i dag er reist i 1905 av bestefaren til Idar. Stova sto tidlegare i Ålesund og overlevde bybrannen i 1904. Då

byen etterpå skulle byggjast opp i jugendstil og huset skulle rivast, bad bestefaren om å få kjøpa det. Materialet vart frakta inn over fjorden og frå kaia vart alt bore opp til Me-Skotet. Stova som sto på garden tidlegare var ei røykstove som likna på den på Ytste Skotet og plassert vis-a-vis fjøsen. Fjøsen har vorte påbygd i fleire omgangar. Den gamle delen er ei grindløe.

Familien hadde mange dyr på garden:

7 mjølkekyr som fekk kvar sin kalv
Ein okse
25 vinterfôra sauer
1 hest

Tidlegare hadde dei også griser.

Støling: Inste Skotet har hatt støl heile tida. Langt attende i tida hadde Ytste Skotet fellesstøl i dalen, men so lenge ein kan hugse har dei vore nøyddde å ha dyra heime på garden. Bestefaren til Idar sette opp ein sommarstøl tilhøyrande Me-Skotet i 1918.

Lauving: På Me-Skotet dreiv dei med lauving etter andreslåtten og før potethaustinga. Dei styva, men det var også vanleg å samle lauv som hadde falle ned. Det var helst ospelauv ein sank på den måten. Lauvet vart samla i sekker når det var gult. I høyløa vart det tømnd ut over høyet og rota rundt slikt at det turka. Sauene likte dette fôret godt.

Myra

Litt ovanfor Ytste Skotet ligg ei stor slåttemyr. I utkanten av myra står to utmarksløer som vart nytta til lagring av høy. Myra var lenge ute av bruk til fôrsank, så status i 2005 var at den var nokså attgrodd med bjørk og furu.

I 2007/2008 vart det oppretta ei dugnadsgruppe som rydda myra. I 2010 starta ein opp med skjøtsel. I dag er myra den einaste utmarka som vert slått på Ytste Skotet. Den vert slått annakvart år, slik som tradisjonen var. Men ein vurderer å byrja slå den kvart år ettersom myra er ganske produktiv. I gamle

dagar hesja ein slåtten. Dei som slår i dag tykkjer vekstrane er for korte til å hesja og lurar på om avlinga tidlegare var større. Det er også restar etter dreneringsgrøfter. Ein kjenner også til at det er teke ut torv.



Figur 5: Slåttemyra på Ytste Skotet.

Sunnmøre Museum nyttar slåttemyra i skuleopplegg der dei formidlar om planteliv og kulturhistorie. Dei eldre elevane får ljàopplæring (slå med ljà, sliping av ljà m.m.) og dei får raka. Dei yngre elevane rakar, men får berre demonstrert ljàslått.

Høgskulelektor Jan Håkon Vikane frå Høgskulen i Volda driv for tida med ei registrering av vegetasjon på myra. Han fortalte litt om prosjektet sitt og om myra generelt. Han legg ut fastruter slik at han skal fylgje utviklinga på enga over tid. Vikane har planar om å etablere ca. 40 fastruter.


Myra er ei minerogen myr, dvs. at den har lettforvittra bergartar som gjev myra næring. Den kalkrike myra er registrert som ein A-lokalitet i Naturbase. Nokre av dei artane han har registrert er ulike orkidear (helst flekkmariland og stortveblad), fjellfrøstjerne, fjelltistel, dvergjamne og solblom. Den siste er ein raudlista art som han har fylgt dei siste fem åra. Vikane meiner solblomen er på tilbakegang grunna manglande skjøtsel og klimaendringar (auka nedbør). Dei dominerande artane på myra er elles rome, bjønnskjegg og blåtopp.

Dordi Mogstad frå Miljødirektoratet informerte også om myr i utvalde naturtypar. Tidlegare var myrslått gruppert under UN-

kategori slåttemark, men har no fått ein eigen status. Ein arbeider med handlingsplan for slåttemyr som kjem seinast i 2018. Det finst såleis tilskotsordningar spesifikt for slåttemyrer.

Dagen vart avrunda med ei kort oppsummering og diskusjon om forma på framtidige nettverkssamlingar. Sekretariatet

tek gjerne i mot gode innspel til fornying og vitalisering av samlingane i Nasjonalt museumsnettverket for kulturlandskap.



Figur 6: Øvst til venstre: Solblomen som tidlegare i sommar lyste gul på myra var no avblomstra. Øvst til høgre: Nokre av landskapspleiarane på Skotet. Nedst: Gjengen på veg opp til myra med Ytste Skotet i bakgrunn.